

ÅRSMELDING

AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL 2016

| | |
|----------------------|-----------|
| Styret si årsmelding | 3 |
| Årsrapport | 6 |
| Resultatrekneskap | 18 |
| Balanse | 20 |
| Notar | 24 |
| Revisors beretning | 32 |
| Statistikk | 34 |
| Nøkkeltal | 35 |
| Økonomisk resultat | 35 |
| Repertoar | 38 |
| Tilsette | 40 |
| Styret | 42 |
| Representasjon | 42 |

Forsidebilete:

Utgjevar:

Ansvarleg utgjevar:

Redaksjon:

Uformig:

«Den hellige Johanna fra slaktehusene». Foto Arild Møen
Teatret Vårt, AS Regionteatret i Møre og Romsdal

Thomas Bjørnager

Thomas Bjørnager, Knut Lidvard Høgsæt,
Cecilie Lundsholt og Rolf-Inge Pedersen Hjelseth
Rolf-Inge Pedersen Hjelseth

STYRET SI ÅRSMELDING

Selskapet

Selskapet AS Regionteatret i Møre og Romsdal har som formål å drive teaterverksemd i Møre og Romsdal fylke. Selskapet sitt forretningkontor er i Molde kommune.

Arbeidsmiljø og organisasjon

Arbeidsmiljøet i 2016 har vore godt. Det totale sjukefråværet i år 2016 har vore 1,3 %. Det er ikkje rapportert om personskadar. Teatret si verksemeld ureinar ikkje det ytre miljø.

Likesstilling

Teatret har eit styre med sju styremedlemmer, der tre er kvinner. Kvinnedelen av instruktørar, scenografar, kostymedesignarar m.m. varierer mykje frå år til år. Ein må difor sjå tala over fleire år. Kvinneandelen er nær 50% for teknisk og administrative avdelingar.

Møter

Styret hadde i 2016 5 styremøte og handalta 26 saker.

Økonomien i selskapet

Årsrekneskapen er gjort opp med eit overskott på kr 515 322. Sum eigenkapital er på kr 6 476 832. Av dette er kr 600 000 innbetalt aksjekapital.

Styret er godt nøgd med den samla økonomiske situasjonen og dei kunstnarlege resultata i 2016 for Teatret Vårt, og ynskjer å takke teatersjef og alle medarbeidarane for innsatsen.

Årsrekneskapen for 2016 er satt opp under føresetnad om framleis drift.

Molde 23. februar 2017


Leon Aurdal
styreleiar


Oskar Skulstad
styremedlem


Janne Kvamme
styremedlem


Einar Hernborg
nestleiar


Bjørnar Lisether Teigen
styremedlem


Ingvild Aas
styremedlem


Heidi Nakken
styremedlem



LIV STRÖMQUIST TENKER PÅ DEG

av Liv Strömquist og Ada Berger

Bearbeid og omsatt av **Elisabet Topp**
Regi **Elisabet Topp** Scenografi
og kostymedesign **Mariika Åkerblom**
Lysdesign **Finn Landsberg** Lyddesign
Jonas Høgsæth

Med **Sara Fellman**, **Line Brå Johansen** og **Heiki Riipinen**

Première 5. februar 2016 på Teatret
Vårt, Molde.

Framsyningar: 23
Publikum: 1120



ÅRSRAPPORT

På Teatret Vårt kan vi sjå tilbake på eit år med stor aktivitet og eit høgt kunstnarleg nivå. Vi har produsert ni eigenproduksjonar og gjenoppsatt juleframsyninga vår som årets tiande framsyning. Det vart tre urpremierar og tre noregspremierar. Det har vore eit år med gode tilbakemeldingar frå både presse og publikum.

Rekneskapen for 2016 viser eit overskot på 515 332 kroner og vi ser at fokus på utgiftskontroll og effektiv ressursutnytting igjen har lønt seg. I eit år med forhandlingar om nye pensjonsordningar for kulturinstitusjonane og midlertidig uvisse om framtidige pensjonsutgifter, er det gledeleg å kunne avslutte årsrekneskapen med eit positivt resultat. Eigenkapitalen vår er no på 6 476 832 kroner, eit nivå som gir sikkerheit for drifta.

Aktivetsnivået på Teatret Vårt er høgt. Vi har opprethaldet turneaktiviteten vår og talet på framsyningar på eigne faste arenaer har også auka. I 2016 vart i alt 452 scenekunstvisningar gjennomført. Det vil seie eigenproduksjonar spela anten på turne eller fast arena, gjestespel frå Riksteatret, Carte Blanche og frie grupper sine kulturformidlingsarrangement. Det er ei auke frå nivået i 2015 kor same talet var 391. Statistikken syner at turneaktiviteten er auka tilsvarande. Frå 105 turneframsyningar i 2015 er det auka til 132 turneframsyningar i 2016. Fire av årets framsyningar var på turné til ti store kulturhus i fylket. To av årets meir «lettreiste» framsyningar besøkte samfunnshus på dei mindre tettstadane i fylket. Vi har i løpet av året gjennomført fleire arrangement for gruppa av lokale arrangørar for å styrke dialogen vår og gi inspirasjon og fagleg

påfyll til salsarbeid og publikumsutvikling lokalt.

Samarbeidet med dei andre institusjonane i kulturbygget Plassen held fram med å skape synergি. 2016 var siste året av eit treårig samarbeid med Møre og Romsdal Kunstsenter; Kreativ Arena Plassen. Tilbodet om mentorordning med fokus på tverrfagleg prosjektarbeid innan den kreative næringa var støtta av fylkeskommunen og var ein del av ei større fylkeskommunal satsing. Men også dei andre institusjonane på PLASSEN deltek i små samarbeid som ofta har karakter av kulturformidling.

Teatret Vårt sine teknikarar og utstyrsparken vår blir brukt av dei andre institusjonane på Plassen i tilknyting til publikumsarrangement. Teatret tar på seg administrative oppgåver og koordinerer både kunstnarlege aktivitetar og teknisk drift.

Teatret Vårt prøver å støtte opp om frivillighet i heile fylket. Vi er arena for ungdomens kulturmönstring og regional ansvarleg for Den Unge Scenen både i Møre og Romsdal og i Sør-Trøndelag. Vi sender ut ein skodespelar som gir dei deltakande gruppene tilbakemelding i tida opp mot fylkestreffet som blir heldt i våre lokalar på Plassen. Også i samband med turneaktivitetane våre på dei mindre spelestadene er vi i tett kontakt med lokale frivillige lag som vi nyttar som arrangørar.

I tillegg til våre kjerneaktivitetar er Teatret Vårt arena for mange eksterne arrangement. Ei rekke private leidgetakrar bruker fasilitetane



Hugo Mikal Skår, Bjørnar Lisether Teigen og Lars Melsæter Rydjord i *Midt i livet*

FOTO: ARILD MOEN

våre. I 2016 vart GNIST, som er Sparebanken Møre sine talentprisar, delt ut i salen vår og lokale matprodusentar presenterte for fjerde året på rad produkta sine på arrangementet «Øyriket» som tok i bruk både innvendige og utvendige areal.

Teatret Vårt sin produksjon av framsyningar retta mot barn og ungdom har alltid vore eit satsingsområde. For å understreke dette, auka talet på framsyningar mot barn og ungdom i 2016 frå to til fire årlege produksjonar. Vi presenterte for fylkeskommunens kultur- og folkehelseutval dei langsigchte planane våre for å synleggjere avdelinga for barne- og ungdomsteater som eit kompetansesenter innan kunstproduksjon og formidling til barn og unge. Det er gjennomført ei stor auke av aktivitetsnivået på Barneteatret Vårt, som i

tillegg til framsyningar og foajéaktivitetar omfattar teaterlaurdag med gjestespel, kurs for utøvarar innan feltet og workshop for barn og unge. Vi har eit godt samarbeid med kulturskulane i både Molde og Ålesund. Jugendteateret i Ålesund og dramalinja på Fagerlia videregående skole i Ålesund er nære samarbeidspartnerar. Vi arbeider saman med Universitet i Agder, med Høgskolen i Volda og SEANSE. Innanfor det europeiske nettverket Platform SHIFT+ har vi halde fram å forske i den digitale verkelegheitene til dagens tenåringer og måten den digitale utviklinga kan endre scenekunsttrykket.

Kunstnarleg sett er vi stolte over at Barneteatret Vårt i 2016 vart nominert til heile to Heddapriser for framsyninga Othello.



Johanna Mørck, Lars Melsæter Rydjord og Bjørnar Lisether Teigen i ≈ [tilnærmet lik] av Jonas Hessen Hemiri

FOTO: ARILD MOEN

Banebrytande interaktive framsyningar som Labyrint og Romkadettane teiknar Barne-teatret Vårt sin tydelege kunstnarlege profil som ambisiøs og nyskapande.

I 2016 byrja også utgreiing av prosjektet «Kulturhavna» i Ålesund kor det med tida skal byggjast vidaregåande skule og kulturskule. Det er særskilt gledeleg at planane no også omfattar faste lokalar for Teatret Vårt si avdeling for barne- og ungdomsteater. Vi ser eit stort potensiale i dette sambuarskapet til meir forsking og auka kompetanse spesielt på formidling og utvikling av scenekunst. Vi håper prosjektet lar seg realisere.

Den positive utviklinga for Barneteatret Vårt og den auka satsinga på kulturformidling for barn og unge får oss til å sjå eit aukande

potensiale i eit samarbeid med fylkeskommunen og kulturavdelingar i kommunane. Det er difor igjen skuffande å sjå at Den Kulturelle Skulesekken i Møre og Romsdal ikkje ynskjer å inngå utviklingssamarbeid med oss og berre i veldig liten utstrekning nyttar seg av framsyningane våre til skuleturneane sine.

Diverre vart hausten 2016 prega av sjukemeldingar og Teatret Vårt måtte avlyse heile 14 framsyningar. Likevel har besøkstalet vårt halde nivået frå 2015. Det har gått frå 31 794 i 2015 til 31 949 i 2016. Noko som er gledeleg. Men vi har framleis eit stykke å gå for å kome på nivået frå 2014 kor vi var over 40 000. Eit nivå vi berre ser som realistisk viss vi får ta mykje større del i å gjennomføre skuleturnear i samarbeid med DKS.

TEATERÅRET 2016

Årets første premiere 5. februar var noregs-premieren på stykket **Liv Strømquist tenker på deg**. Den svenske teikneserieteknar og feminist **Liv Strømquist** sine skråblikk på kjønnsbestemte reaksjonsmønstre i parforholdet råka publikum både på våre faste arenaer og ute på dei mindre turnespelestadane. I **Elisabet Topp** sin regi og **Marika Åkerblom** sin scenografi fekk skodespelarane **Sara Fellman**, **Line Brå Johannsen** og **Heiki Eero Riipinen** til eit tankeprovoserande og hysterisk morosamt møte med publikummet vårt.

To veker seinare, 18. februar var det premiere på Barneteatret Vårt og regissør og scenograf **Philipp Stengeles** si framsyning **Othello, hvem stoler du på**. Dette var **Shakespeare's Othello** i omarbeidd form for ungdom. Her blei rasisme og mobbing viktige tema. **Hugo Mikal Skår** sin Othello fant motet til å bryte med rasestereotypiane og trådde ut av Shakespeares mellomalder og inn i vår tid. Framsyninga begeistra både publikum og presse. Det blei ein viktig milepål i jobben med å etablere Barneteatret Vårt som eit nasjonalt fyrtårn for scenekunst for barn og ungdom. Framsyninga hadde ein full kulturhusturne i heile fylket og blei nominert til Heddaprisen for beste scenekonst og årets barne/ungdomsframsyning.

27. februar, berre få dagar seinare kunne vi slå opp dørene for premieren på **Bertolt Brechts Den hellige Johanna fra slaktehusene**. I ein kunstnarleg tour de force styrte **Angelina Stojevska** det kunstnarlege teamet sitt fram mot ein dyster, pønkete og heilhjarta framsyning med **Heidi Ruud Ellingsens** Johanna som godhugens

fremste prestinne i ei blodig og grådig verd av slakt og kyniske spekulasjonar. Den kompromisslause framsyninga gjorde teatersjefen veldig stolt om enn publikum var delt i eit klart for og imot. Lysdesignar **Ingrid Skanke Høsoien**, komponist **Alf Lund Godbolt** og kostymedesignar **Ane Aasheim** medverka alle til å gjere dette til ei framsyning av internasjonal kaliber.

Som ein del av det europeiske nettverks-samarbeidet Platform SHIFT+ kunne vi ved premieren 21. mars presentere Barneteatret Vårt sitt publikum for ei verdspremiere. Regissør **Hilde Brinckmann** har med teaterinstallasjonen **Labyrinth** skapt eit unikt møte mellom interaktivt teater og VR-teknologi. Viljen til å eksperimentere med nye format og nye dramaturggrep har utløyst stor merksemd både nasjonalt og innanfor det europeiske nettverket vårt.

Først ut på hausten vart det eit gjensyn med den svenske dramatiker **Jonas Hassen Khemiri**. Denne gongen var det stykket **≈Tilnærmet lik** som hadde premiere 27. august. **Terje Skonseng Naudeer** hadde regien og **Thomas Bjørnager** scenografi og kostymedesign. **Bjørnar Liseth Teigen, Vivi Sunde** og **Lars Melsæter Rydjord** råka med nerve og presisjon, og skapte saman med resten av ensemblet ei kaleidoskopisk framstilling av eit globalisert samfunn der penganes makt gjennomsyrer alt. Ei bevegande og engasjerande framsyning som i sitt moderne teaterspråk kommuniserte godt med publikum. Det blei diverse ei rekke avlysingar av framsyninga grunna sjukdom.



OTHELLO - HVEM STOLER DU PÅ

av William Shakespeare
gjendiktning Erik Bystad

Regi og scenografi Philipp Stengele
Regiassistent Hanne-Marte Sørli
Musikk Håkon Iversen Kostymedesign
Freya Busby Lyssetting Kick Mentzoni

Med Hugo Mikal Skår, Johanna
Mørck og Anders Kippersund

Première 18. februar 2016 på
Barnefeatret Vårt, Arbeideren, Ålesund

Framsynigar: 57
Publikum: 5202

16. september var regissør **Elisabet Topp** og scenograf **Marika Åkerblom** igjen premiereklar. Denne gongen på Barneteatret Vårt med regissørens eigen versjon av Antoine de Saint-Exupèrys verdskjente klassikar **Den lille prinsen**. **Andrea Wasrud**, **Mathias Melsæter Rydjord** og **Sarah Christine Sandberg** folkesette i bokstavelegaste forstand universet, der den vesle prinsen gjennom si naive undring trefte midt i blinken hos publikum over heile fylket. Familieframsyninga spela i fylkets store kulturhus.

Også neste premiere var på Barneteatret Vårt. Den britiske frigruppa None-Zero-One omskape si eiga framsyninga Ground Control til norsk språk og kontekst. **Romkadettene – klar for landing** hadde premiere 10. oktober. Regissørane **John Hunter** og **Sarah Butcher** overlet ansvaret for framtidia til ei gruppe 8-12 åringer som gjennom ei interaktiv framsyning får mogelegheit for å treffen val. Letta over å ikkje berre skulle sitje passivt å sjå på var tydeleg hos målgruppa som kasta seg ut i viktige vegval som angår oss. Opplevelinga av å jobbe meiningsfylt med å aktivere barn og ungdom å ta dei på alvor som samfunnsborgarar motiverte oss på teatret. Skodespelarane **Hedda Sandvig** og **Tobias Heiberg** leia romferda.

Som vanleg var det mot slutten av året duka for julebord på Teatret Vårt. Komedien **Brevduene** av **David Gieselmann** hadde premiere 11. november. Eit stort ensemble med blant andre **Marte Mørland**, **Martin Karelius Østensen**, **Thomas Ottersen** og **Sondre Krogtoft Larsen** var fritt vilt i det opne kontorlandskapet. **Nicolai Faber** skapte med sin regi eit formbevisst og absurd

teaterspråk som blei trekt opp av kostymer og scenografi som var i hendene på **Karin Gille**. Fylkesturneen på framsyninga vart gjennomført rett etter nyttår.

Litt seinare enn først planlagt kunne **Midt i livet** ha premiere i samfunnshuset på Kleive 18. november. **Bjørnar Lisether Teigens** framsyning om menn midt i livet som startar band for å få seg dame, trefte mange rett i hjarte. I ein forførande innpakking som dansebandkonsert gir framsyninga den norske mannen eit kjærleg blikk. Saman med sine to kollegaer **Lars Melsæter Rydjord** og **Hugo Mikal Skår** tok regissør og dramatikar sjølv scenen for å framføre hitlåtane som blei produsert til framsyninga av **Jonas Högseth**. Framsyninga reiste til mange av dei små samfunnshus før ein speleperiode i Molde. Framsyninga blei tatt med over på speleplanen for 2017.

Tradisjonen tru var rosina i pølsa også i 2016 **Snekker Andersen og julenissen**. Samarbeidet med Molde kulturskule har vist seg å være livskraftig og publikum har tatt framsyninga til seg som ein fast årleg tradisjon i julemånaden. Istad AKTIV støtta igjen framsyninga som takka være ein anonym givar kunne gis gratis til alle fosterbarn og asylbarn i Molde kommune. Det var teatersjefen som sette opp sin eigen versjon av **Alf Prøysens** kjente og elskaa forteljing. Bassist og komponist **Steinar Raknes** spelte live. Over 50 barn frå Molde Kulturskole deltok og kulturskulens lærarar gjorde alt dette mogeleg gjennom deira engasjement og støtte.

Labyrint

Professor Brix, manus, scenografi og regi
Hilde Brinchmann Virtual Reality-designer og komponist Johann Prell
Lysdesigner **Jonas PA Fuglseth**
Professoren assistenter **Kari Eline Ulvestad, Arne Telseth, Sonja Helen Øien Rindal, Guri-Elise Landro Kamp, Hanna Sofie Hagerup, Veronica Hegstad, Julie Nikolaisen, Synne Reitan, Roald Flem, Marthe Walderhaug, David Jakobsen og Laila Elaine Måloy**

Barneteatret Vårt
Urpremiere 21. mars 2016
Avholdshjemmet, Ålesund

Framsyningar: 15
Publikum: 414





MIDT I LIVET

av Bjørnar Lisether Teigen

Instruktør **Bjørnar Lisether Teigen**
Musikkprodusent **Jonas Høgsæth**

Medvirkende **Bjørnar Lisether Teigen**,
Hugo Mikal Skår og **Lars Melsæter**
Rydjord

Urpremiere 18. november 2016 på
Kleive Grendahus, Molde.

Forestillinger: 16
Publikum: 918







DEN HELIGE JOHANNA FRA SLAKTEHUSENE

av Bertolt Brecht

Regi **Angelina Stojcevska**
Kostymedesign **Ane Aasheim**
Maske **Cårejånni Enderud**
Lydesignar **Ingrid Skanke Høsøien**
Komponist og musikalsk
ansvarleg **Alf Lund Godbolt**
Band **Svartkysene**

Med **Heidi Ruud Ellingsen, Bjørnar
Lisether Teigen, Vivi Sunde, Melina
Tranulis, Petter Winther og Marte
Mørland**

Premiere 27. februar 2016 på Teatret
Vår, Molde.

Framsyningar: 22
Publikum: 975

RESULTATREKNESKAP

| | NOTE | 2016 | 2015 |
|--|-------------------|-------------------|-------------------|
| DRIFTSINNTEKTER | | | |
| Billett- og programsal | 3 | 1 701 066 | 2 335 378 |
| Salg Kafé Kurt | | 3 686 791 | 3 448 751 |
| Andre inntekter | | 3 430 635 | 3 078 833 |
| Driftstilskott | 45 | 765 064 | 43 714 592 |
| Sum driftsinntekter | 54 583 555 | 52 577 553 | |
| DRIFTSKOSTNADER | | | |
| Varekjøp Kafé Kurt | | 1 413 941 | 1 512 809 |
| Kostnader arbeidskraft | 4 | 28 695 625 | 27 161 718 |
| Materialkostnader | | 1 027 309 | 912 674 |
| Sal- og informasjonskostnader | | 1 865 025 | 1 756 961 |
| Kostnader lokale | | 9 197 433 | 9 241 618 |
| Uttyrskostnader | | 145 609 | 275 632 |
| Avskrivningar på varige driftsmidler | 5 | 827 439 | 776 123 |
| Andre driftskostnader | | 10 920 086 | 10 466 120 |
| Sum driftskostnader | 2 | 54 092 468 | 52 103 656 |
| Driftsresultat | | 491 088 | 473 897 |
| FINANSINNTEKT/-KOSTNAD | | | |
| Anna renteinntekt | | 59 395 | 103 608 |
| Anna finansinntekt | | 57 639 | 59 062 |
| Anna rentekostnad | | 4 315 | 7 849 |
| Anna finanskosnad | | 88 484 | 83 958 |
| Resultat av finansielle postar | | 24 234 | 70 863 |
| Ordinært resultat før skattekostnad | | 515 322 | 544 760 |
| Årsresultat | | 515 322 | 544 760 |
| Opplysninger om: | | | |
| Avsett til anna eigenkapital | | 515 322 | 544 760 |
| Overført frå anna eigenkapital | | 0 | 0 |
| Sum disponert | | -515 322 | -544 760 |



ROMKADETTENE - KLAR FOR LANDING

av **Duncan MacMillan**
Omsett av **Grete Kleppen**

Regi **Terje Skonseng Naudeer**
Lysdesign **Finn Landsberg**

Med **Lars Melsæter Rydjord** og **Line
Heie Halle**

Teatret Vårt
Norgespremiere 21. mars 2015

Framsyningar: 34
Publikum: 1197

BALANSE

EIENDELAR

ANLEGGSMIDLAR

Varige driftsmidler

| | | |
|--------------------------------------|-----------|------------------|
| Driftslausøyre, inventar o.a. utstyr | 3 640 816 | 3 589 410 |
| Sum varige anleggsmidler | 5 | 3 640 816 |

Finansielle anleggsmidler

| | | | |
|--------------------------------------|---|------------------|------------------|
| Investeringer i tilknytta selskap | 9 | 426 000 | 426 000 |
| Lån til tilknytta selskap | | 1 307 936 | 1 250 298 |
| Investeringar i aksjar og andelar | 9 | 41 000 | 41 000 |
| Andre langsiktige fordringar | | 795 104 | 695 306 |
| Sum finansielle anleggsmidler | | 2 570 040 | 2 412 604 |
| Sum anleggsmidler | | 6 210 857 | 6 002 013 |

OMLØPSMIDLAR

Varar

242 191

189 989

Fordringar

| | | |
|------------------------------|------------------|------------------|
| Kundefordringar | 1 179 154 | 1 110 649 |
| Andre kortsiktige fordringar | 900 067 | 1 005 493 |
| Sum fordringar | 2 079 221 | 2 116 142 |

Bankinnskott, kontantar o.l.

7 536 930

6 856 842

8

Sum omløpsmidler

9 858 342

9 162 973

SUM EIGENDELAR

16 069 199

15 164 986

BALANSE

| | NOTE | 2016 | 2015 |
|--|------------|-------------------|-------------------|
| EIGENKAPITAL OG GJELD | | | |
| EIGENKAPITAL | | | |
| Innskott eigenkapital | | | |
| Aksjekapital | | 600 000 | 600 000 |
| Sum innskott eienkapital | 6,7 | 600 000 | 600 000 |
| Opptjent eigenkapital | | | |
| Anna eigenkapital | 6 | 5 876 832 | 5 361 510 |
| Sum oppkjent eigenkapital | | 5 876 832 | 5 361 510 |
| Sum eigenkapital | | 6 476 832 | 5 961 510 |
| GJELD | | | |
| Andre avsetninger for forpliktelser | | 859 757 | 674 955 |
| Sum avsetninger for forpliktelser | | 859 757 | 674 955 |
| Kortsiktig gjeld | | | |
| Leverandørgjeld | | 353 434 | 336 482 |
| Skuldig offentlege avgiftar | | 1 984 819 | 1 893 560 |
| Anna kortsiktig gjeld | | 6 394 358 | 6 298 479 |
| Sum kortsiktig gjeld | | 8 732 611 | 8 528 521 |
| Sum gjeld | | 9 592 367 | 9 203 476 |
| SUM EIGENKAPITAL OG GJELD | | 16 069 199 | 15 164 986 |

Molde 23. februar 2017


Leon Aurdal
styreleiar


Einar Hernborg
nestleiar


Oskar Skulstad
styremedlem


Janne Kvamme
styremedlem


Bjørnar Liether Teigen
styremedlem


Ingvild Aas
styremedlem


Heidi Nakken
styremedlem



≈ [TILNÆRMET LIK]

av Jonas Hassen Khemiri

Regi Terje Skonseng Naudeer

Omsatt av Arne Lygre

Scenograf og kostymedesig Thomas

Bjørnager

Lysdesign Jonas PA Fuglset

Med Bjørnar Lisether Teigen, Hugo

Mikal Skår, Thomas Ottersen, Vivi

Sunde, Johanna Morck og Sara

Fellman

Première 27. august 2016

på Teatret Vårt

Framsyningar: 17

Publikum: 1560





NOTAR

NOTE 1

REGNSKAPSPrINSIPPER

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små føretak.

Desse rekneskapsprinsipp er brukt: Inntekter blir resultatført etter kvar einskild framsyning. Kostnader blir tatt med etter samanstillingsprinsippet, dvs. at kostnadar blir teken med i same periode som tilhøyrande inntekt blir resultatført.

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel/langsiktig gjeld.

Omløpsmiddel er vurderte til lågaste av innkjøpskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmiddel er vurderte til innkjøpskostnad, men blir nedskrivne til verkeleg verdi

dersom ein ikkje forventar at verdifallet er forbigeånde.

Kundefordringar og andre fordringar er ført i balansen til pålydande. Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei einskilde fordringane. Det er ikkje gjort avsetjing til eventuelle tap per 31.12.

Varige driftsmiddel blir balanseførte og avskrivne lineært over forventa økonomisk levetid.

Aksjar og delar i datterselskap og tilknytte selskap er oppført til anskaffingskost, justert for eventuell varig nedgang i verdi.

Varer blir vurdert til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi.

Pensjonsforpliktingar er ikkje balanseført. Kostnaden er lik premien.

NOTE 2

TURNÉUTGIFTER

| | 2016 | 2015 |
|---------------------------|------------------|------------------|
| Lønsrelaterte kostnader | 1 278 520 | 1 226 286 |
| Husleige, arr.honorar m.m | 371 448 | 715 138 |
| Transport og bilhald | 714 761 | 573 460 |
| Hotell | 344 832 | 781 690 |
| Annonsering på turné | 228 215 | 345 045 |
| Sum turneutgifter | 2 937 776 | 3 641 619 |

Turneutgiftene er definert som utgifter direkte knytt til turnèverksemd. Ordinær løn i turnèperioden er tildømes ikkje medrekna, men kostnader til turnètillegg, diett m.m. som direkte kan knytast til turnèverksemd.

NOTE 3 BILLETTINNTEKTER 2016

| | |
|--------------------------------------|------------------|
| Snekker Andersen og Julenissen | 325 180 |
| Den lille prinsen | 200 325 |
| Othello | 191 185 |
| Tilnærmet lik | 142 320 |
| Liv Strømquist tenker på deg | 131 840 |
| Midt i livet | 113 520 |
| Brevduene | 101 975 |
| Den hellige Johanna fra slaktehusene | 73 745 |
| Romkadettene | 59 620 |
| Barnlige lyst | 27 340 |
| Eg visste ikke du kunne danse | 15 000 |
| Labyrint | 9 050 |
| Barnelørdag | 42 120 |
| Spor av meg | 7 000 |
| Skilte menn rir igjen | 76 215 |
| Gjestespel ifm. Teaterfesten | 124 935 |
| Diverse produksjonar | 59 696 |
| Samla billettinntekter | 1 701 066 |

NOTE 4 LØNSKOSTNADER

Lønskostnader består av følgjande postar:

| | 2016 | 2015 |
|---------------------|-------------------|-------------------|
| Løningar | 21 329 765 | 20 383 214 |
| Folketrygdavgift | 3 378 878 | 3 161 539 |
| Pensjonskostnader | 2 256 510 | 1 788 951 |
| Andre lønskostnader | 730 472 | 1 828 014 |
| Sum | 28 695 625 | 27 161 718 |

| | | |
|-----------------------------------|------|------|
| Gjennomsnittleg tal på ansatte | 41,5 | 41,5 |
|-----------------------------------|------|------|

Ytelsar til leiande personar:

| | Teatersjef | Styret |
|------------------|------------|---------|
| Løn | 836 323 | 127 000 |
| Anna godtgjersle | 175 007 | |

Kostnad til revisor kr 38.800,- til pliktrevision. I tillegg kjem honorar for bistand årsrekneskap med kr 12 500,- og anna bistand kr 3 550,-. Tala er utan mva.

Teatret Vårt har ordinær tariffesta tenestepensjonsordning og AFP gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse. Pensjonsforplikting er ikkje balanseført. Tilsette etter 1.7.2017 har tariffesta innskottspensjon og er medlemmar av fellesordning for AFP i privat sektor.

NOTE 5

VARIGE DRIFTSMIDLER

| | Bilar | Maskiner, inventar | Totalt |
|---------------------------|-----------|-----------------------|-----------|
| Anskaffelseskost 1.1. | 1 749 711 | 7 923 011 | 9 672 722 |
| Tilgang i løpet av året | 269 000 | 609 846 | 878 846 |
| Avgang i løpet av året | | | |
| Akkumulerte avskrivninger | 1 383 913 | 5 526 839 | 6 910 752 |
| Bokført verdi 31.12. | 634 798 | 3 006 018 | 3 640 816 |
| Årets avskrivninger | 150 117 | 677 322 | 827 439 |
| Avskr.tid | 10 år | 10 år | |
| Avskrivningsplan | Lineær | Lineær | |

NOTE 6

EIGENKAPITAL

| | Aksje- kapital | Annan EK | Sum |
|-------------------------|-------------------|-------------|-----------|
| Eigenkapital pr. 01.01. | 600 000 | 5 361 322 | 5 961 510 |
| Årsresultat | | 515 322 | 515 322 |
| Eigenkapital pr. 31.12. | 600 000 | 5 876 832 | 6 476 832 |

NOTE 7

TAL PÅ AKSJAR, AKSJEEIGARAR M.V.

Selskapets aksjekapital på kr 600 000,- består av 300 aksjer à pålydande kr. 2 000,-. Alle aksjar har lik stemmerett.

| Selskapets aksjonærarar er: | Antall | Eigerandel |
|-----------------------------|--------|------------|
| Møre og Romsdal fylke | 132 | 44% |
| Molde kommune | 132 | 44% |
| Ålesund kommune | 24 | 8% |
| Noregs Ungdomslag, | | |
| Møre og Romsdal | 12 | 4% |
| Sum | 300 | 100% |

NOTE 8

BUNDNE MIDLAR

Av selskapets bankinnskot utgjer bundne skattetrekksmidlar kr 985 168,-.

NOTE 9

FINANSIELLE ANLEGGMIDLAR

| | 2016 | 2015 |
|-----------------------------------|-----------|---------|
| Stiftelsen Bjørnsonfestivalen | 30 000 | 30 000 |
| Stiftelsen Ålesund Teaterfestival | 3 000 | 3 000 |
| Stiftelsen Schwittersdagene | 5 000 | 5 000 |
| Molde Sentrum AS | 3 000 | 3 000 |
| Molde kulturbygg AS | 426 000 | 426 000 |
| Eigenkapitalinnskot i KLP | 582 140 | 512 214 |
| Sum | 1 049 140 | 979 214 |

Tilknytta selskap

| Selskapet har eigarandel i fyl- gjande selskap: | Forretnings- kontor | Eigarandel | Selskapets eigenkapital | Selskapets resultat |
|--|------------------------|------------|----------------------------|------------------------|
| Molde Kulturbygg AS | Molde | 43% | - 5 076 446 | - 1 600 955 |

Mellomværende med tilknytta selskap

| | 2016 | 2015 |
|--------------------------|-----------|-----------|
| Langsiktig fordring, lån | 1 307 458 | 2 250 298 |
| Kundefordring | 758 458 | 610 867 |
| Leverandørgjeld | 0 | 0 |

NOTE 10

PERIODISERINGAR OG KORTSIKTIG GJELD

Diverse forskottsbetalte kostnader i 2016 som er aktivert og vil bli rekneskapsført på år 2017 er:


| | |
|--|---------|
| Påløpne kostnader på eigne framsyningar våren 2017 | 129 379 |
| Kreativ Arena | 553 007 |
| Periodisert yrkesskadeforsikring og forskot lønn | 157 381 |
| Andre periodiserte driftskostnadar | 60 300 |

Forskottsbetalte inntekter/påløpne kostnadar i 2016 som er aktivert og vil bli rekneskapsført i 2017 er:


| | |
|---|-----------|
| FoU midlar som støtte til samarbeidsprosjektet «All verden er en scene», der prosjektet omhandlar teaterscena som arena for folkeopplysning og erfaringar med demens-sjukdom. Teatret bidrog med framsyninga «Vår underfulle verden». | 97 083 |
| Tilskot aspirantordning i Ålesund | 252 000 |
| Billetsal for Riksteatret og andre gjestespel våren 2017 | 275 945 |
| Saldo opptente inntekter for teatrets venner som er utgiftsført i 2016 | 174 327 |
| Sal gåvekort | 95 190 |
| Gåvefond billettar til barn og unge | 64 830 |
| Avsett til feriepengar for utbetaling i 2017 | 2 348 744 |
| Avsett for diverse påløpne kostnader i 2016 | 128 806 |
| Forskottsbetalt husleigetilskott frå Møre og Romsdal fylkeskommune | 2 080 800 |
| Ikkje inntektsført husleigetilskott frå Møre og Romsdal fylkeskommunen tilsvarande 5 månader i 2012 | 876 633 |

TEATERMAGASIN

Våren 2016



Høsten 2016







DEN LILLE PRINSEN

basert på *Le Petit Prince* av Antoine de Saint-Exupéry

Regi **Elisabet Topp** Scenograf og kostymedesig **Marika Åkerblom**
Musikk og musikalsk leiar **Helder Deploige**

Med **Andrea Wasrud, Mathias Mælseter Rydjord** og **Sarah Christine Sandberg**

Barneteatret Vårt
Première 16. september 2016

Framsyningar: 39
Publikum: 2566

REVISJONSMELDING



BDO AS
Nærkomm.
Sæterveien 15
6400 Melde

Uavhengig revisors beretning

Til generalforsamlingen i AS Regionteateret i Møre og Romsdal

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert AS Regionteateret i Møre og Romsdals årsregnskap som består av balanse per 31. desember 2016, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoene og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettvisende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2016, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoene i samsvar med regnskapslovenes regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Vår oppgave og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av selskapet slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Annen informasjon

Ledelsen er ansvarlig for annen informasjon. Annen informasjon består av årsberetningen, men inkluderer ikke årsregnskapet og revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke annen informasjon, og vi attesterer ikke den andre informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese annen informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom annen informasjon og årsregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den andre informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Styrets og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettvisende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Uavhengig revisors beretning 2016 AS Regionteateret i Møre og Romsdal - Side 1 av 3



Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskapets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgjøre en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonominiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utvise profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i regnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utfører og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er hoyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utetater, uriktige fremstillingar eller oversyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- konkluderer vi på hensiktsmessigheten av ledelsens bruk av fortsatt drift-forutsetningen ved avlegget av regnskapet, basert på innhente revisjonsbevis, og hvorvidt den foreligger vesentlig usikkerhet knyttet til hendeler eller forhold som kan skape tvil av betydning om selskapets evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentlig usikkerhet, kreves det at vi i revisjonsberetningen henleder oppmerksomheten på tilleggsopplysningene i regnskapet, eller, dersom stikke tilleggsopplysningene ikke er tilstrekkelige, at vi modifiserer vår konklusjon om årsregnskapet og årsberetningen. Vare konklusjoner er basert på revisjonsbevis innhentet inntil datoen for revisjonsberetningen.

Uavhengig revisors beretning 2016 AS Regionteateret i Møre og Romsdal - Side 2 av 3



Etterfølgende hendelser eller forhold kan imidlertid medføre at selskapet ikke fortsetter driften.

- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årssregnskapet representerer de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettviseende bilde.

Vi kommuniserer med styret blant annet om det plantagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Uttalelse om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om årsberetningen

Basert på vår revisjon av årssregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årssregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årssregnskapet og i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årssregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklede revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Molde, 27. februar 2017
BDO AS

Jarle Mellingen
statsautorisert revisor

Uavhengig revisors beretning 2016 A5 Regionteatret i Møre og Romsdal - Side 3 av 3
BDO AS, et norsk skjærselskap, er datterselskap i BDO International Limited, et engelsk selskap med hovedkontor i London, og er en del av det internasjonale netverket BDO, som består av uavhengige selskaper i de enkelte land. Foretakregnskap: NO 999 696 550 ANVA.

STØTTE AV



GENERALSPONSOR



HOVUDSPONSORAR



Møre og Romsdal
Budstille
Ålesund
Posten

STATISTIKK 2016

Eigenproduksjonar

| | Framsyningar | Publikum |
|-------------------------------------|--------------|---------------|
| Liv Strömquist tenker på deg | 23 | 1 120 |
| Den hellige Johanna fra slaktehuset | 22 | 975 |
| Othello - hvem stoler du på | 57 | 5 202 |
| Kulturnatt på arbeideren | 1 | 350 |
| Den lille prinsen | 39 | 2 566 |
| Ballade om en Paddestryne | 45 | 2 727 |
| ≈tilnærmet lik | 17 | 1 560 |
| Romkadettene - klar for landing | 33 | 786 |
| Labyrint | 15 | 414 |
| Shakespeare sonetter | 7 | 248 |
| Workshop | 13 | 156 |
| Midt i livet | 16 | 918 |
| Brevduene | 15 | 1 093 |
| Åpning teaterfest | 1 | 64 |
| Snekker Andersen | 24 | 3 316 |
| SUM EIGENPRODUKSJONAR | 328 | 21 495 |

Samproduksjonar

| | | |
|----------------------------|-----------|--------------|
| Eg er Supermann | 2 | 130 |
| BZZ et insektliv | 6 | 106 |
| Molde kulturskole | 5 | 911 |
| Samarbeidsprosjekt | 5 | 360 |
| Hjem er Kurt Schwitters | 1 | 95 |
| SUM SAMPRODUKSJONAR | 19 | 1 602 |

Gjestespel

| | | |
|---------------------------|-----------|--------------|
| Gjestespill | 16 | 3 404 |
| Gjestespill /Teaterlørdag | 17 | 594 |
| Gjestespill /Teaterfest | 6 | 731 |
| SUM GJESTESPEL | 39 | 4 729 |

Kaféteater, anna

| | | |
|-----------------------------|-----------|--------------|
| Opplev mer | 38 | 2 028 |
| Kaféaktivitet | 14 | 1 005 |
| Og barnlige lyst | 1 | 335 |
| Spor av meg | 12 | 615 |
| Mellom togene | 1 | 140 |
| SUM KAFÉTEATER, ANNA | 66 | 4 123 |

SUM TOTALT

| | |
|------------|---------------|
| 452 | 31 949 |
|------------|---------------|

NØKKELTAL

| | |
|--|-------------------|
| Publikum | 31 949 |
| Framsyningar | 452 |
| Billettinntekter | 1 701 000 |
| Tilskott for DKS turnéar | 528 000 |
| Gj.snitt inntekt pr. billett inkl DKS | 69,80 |
| | |
| Kulturdepartementet | 28 726 000 |
| | |
| Kulturdepartementet (husleige) | 2 539 000 |
| | |
| Møre og Romsdal fylkeskommune | 6 156 000 |
| | |
| Møre og Romsdal fylkeskommune (husleige) | 2 104 000 |
| | |
| Møre og Romsdal fylke Den kulturelle skulesekken | 528 000 |
| | |
| Molde kommune | 5 150 000 |
| | |
| Ålesund kommune | 1 006 064 |
| | |
| Andre tilskot | 136 449 |
| | |
| Samla tilskott | 46 345 513 |

ØKONOMISK RESULTAT

| | 2016 | 2015 | 2014 |
|-----------------------|------|------|------|
| <u>Inntekter:</u> | | | |
| Billettsal | 1,7 | 2,3 | 2,2 |
| Kafé | 3,7 | 3,5 | 3,3 |
| Anna | 3,4 | 3,1 | 3,0 |
| Tilskott | 45,8 | 43,7 | 43,5 |
| Sum | 54,6 | 52,6 | 52,0 |
| | | | |
| <u>Kostnader</u> | | | |
| Drift | 54,1 | 52,1 | 52,6 |
| Finansk. | 0 | 0 | -0,1 |
| Ekstraord. | 0 | 0 | 0,0 |
| Sum | 54,1 | 52,1 | 52,5 |
| Resultat | 0,5 | 0,5 | -0,5 |
| | | | |
| Eigenkapital pr 31.12 | | | |
| Sum | 6,5 | 6,0 | 5,4 |



BREVDUENE

av David Gieselmann

Regi **Nicolei Faber** Scenografi og kostymedesign **Karin Gille**
Lysdesign **Finn Landsberg**



Med **Sara Fellman**, **Bjørnar Lisether Teigen**, **Thomas Ottersen**, **Marte Mørland**, **Sondre Krogtøft Larsen**, **Johanna Mørck**, **Line Brå Johansen** og **Martin Karelius Østensen**

Teatret Vårt
Première 11. november 2016

Framsyningar: 15
Publikum: 1093



REPERTOAR 2016



LIV STRÖMQUST TENKER PÅ DEG

av Liv Strömquist og Ada Berger

Bearbeidet og oversatt av **Elisabet Topp**
Regi **Elisabet Topp**
Scenografi og kostymedesign **Marika Åkerblom**
Lysdesign **Finn Landsberg**
Lyddesign **Jonas Høgseth**
Med **Sara Fellman**, **Line Brå Johansen** og **Heiki Riipinen**

Teatret Vårt
Première 5. februar 2016

OTHELLO - HVEM STOLER DU PÅ

av William Shakespeare
gjendiktning Erik Bystad

Regi og scenografi **Philipp Stengle**
Regiassistent **Hanne-Marte Sørlie**
Musikk **Håkon Iversen**
Kostymedesign **Freya Busby**
Lyssetting **Kick Mentzoni**
Med **Hugo Mikal Skår**,
Johanna Mørck og **Anders Kippersund**

Barneteatret Vårt
Première 18. februar 2016

DEN HELLIGE JOHANNA FRA SLAKTE- HUSENE

av Bertolt Brecht

Regi **Angelina Stojevska**
Kostymedesigner **Ane Aasheim**
Maske **Cárejánni Enderud**
Lysdesign **Ingrid Skanke Høsøien**
Komponist og musikalsk ansvarlig **Alf Lund Godbolt**
Band **Svartrygse**
Med **Heidi Ruud Ellingsen**,
Bjørnar Lisether Teigen,
Vivi Sunde, **Melina Tranulis**, **Petter Winther** og **Marte Mørland**

Teatret Vårt
Première 27. februar 2016

LABYRINT

Professor Brix, manus,

scenografi og regi **Hilde Brinchmann**
Virtual Reality-designer og komponist **Johann Prell**
Lysdesign **Jonas PA Fuglseth**

Professorens assistenter **Kari Eline Ulvestad**, **Arne Telseth**, **Sonja Helen Øien Rindal**, **Guri-Elise Landro Kamp**, **Hanna Sofie Hagerup**, **Veronica Hegstad**, **Julie Nikolaisen**, **Synne Reitan**, **Roald Flem**, **Marthe Walderhaug**, **David Jakobsen** og **Laila Elaine Måløy**

Teatret Vårt
Première 27. august 2016

≈ [TILNÆRMET LIK]

av Jonas H. Khemiri

Regi **Terje Skonseng Nauder**
Oversettelse **Arne Lygre**
Scenograf og kostymedesigner **Thomas Bjørnager**
Lysdesign **Jonas PA Fuglseth**
Med **Bjørnar Lisether Teigen**, **Hugo Mikal Skår**, **Thomas Ottersen**, **Vivi Sunde**, **Johanna Mørck** og **Sara Fellman**

Teatret Vårt
Urpremiere 21. mars 2016



DEN LILLE PRINSEN

baseret på Le Petit Prince av Antoine de Saint-Exupéry

Regi **Elisabet Topp**
 Scenograf og kostymedesigner **Marika Åkerblom**
 Musikk og musikalsk leder **Helder Deploige**
 Med **Andrea Wasrud, Mathias Mælseter Rydjord og Sarah Christine Sandberg**

Barneteatret Vårt
 Première 16. september 2016

ROM-KADETTENE - KLAR FOR LANDING

av non zero one

Regi **Sarah Butcher** og **John Hunter**
 Oversettelse **Ensemblet**
 Scenografi **non zero one**
 Med **Hedda Dandvig** og **Tobias Heiberg**

Barneteatret Vårt
 Norgespremiere 10. oktober 2016

BREVDUENE

av David Giesemann

Regi **Nicolei Faber**
 Scenografi og kostymedesign **Karin Gill**
 Lysdesigner **Finn Landsberg**
 Med **Sara Fellman, Bjørnar Lisether Teigen, Thomas Ottersen, Marthe Mørland, Sondre Krogtoft Larsen, Johanna Mørck, Line Brå Johansen og Martin Karelius Østensen**

Teatret Vårt
 Première 11. november 2016

MIDT I LIVET

av Bjørnar Lisether Teigen

Regi **Bjørnar Lisether Teigen**
 Musikalsk konsulent **Jonas Høgseth**
 Lysdesign **Finn Landsberg**
 Med **Bjørnar Lisether Teigen, Hugo Mikal Skår og Lars Melsæter Rydjord**

Teatret Vårt
 Upremiere 18. november 2016

SNEKKER ANDERSEN OG JULENISSEN

av Alf Prøysen

Idé, bearbeidelse, regi og scenografi **Thomas Bjørnager**
 Musikk/komponist **Steinar Raknes**
 Animator **Andreas Paleologos**
 Lysdesign **Jonas P A Fugleseth**
 Med **Sigmund Njøs Hovind, Johanna Mørch, Thomas Ottersen og elever ved Molde kulturskole**

Teatret Vårt
 Premiere 24. november 2016

TILSETTE VED TEATRET VÅRT

Skodespelarar/kunstnarleg tilsette:

| | | |
|--------------------------|-------------|-----------------------------------|
| Jonas Delerud | skodespelar | (05.09.-04.10.) |
| Heidi Ruud Ellingsen | skodespelar | (04.01.-17.04.) |
| Sara Fellman | skodespelar | |
| Tobias Heiberg | skodespelar | (28.09.-20.11.) |
| Sigmund Njøs Hovind | skodespelar | (frå 09.11.) |
| Line Brå Johansen | skodespelar | (11.01.-13.03. og frå 12.09.) |
| Anders Kippersund | skodespelar | (04.01. – 16.04. og 10.10.-13.11) |
| Sondre Krogtoft Larsen | skodespelar | (frå 26.09.) |
| Johanna Mørck | skodespelar | |
| Marte Mørland | skodespelar | (frå 12.09.) |
| Thomas Ottersen | skodespelar | (frå 12.09.) |
| Linn Pettersen | skodespelar | (10.10.-13.11.) |
| Heiki Riipinen | skodespelar | (11.01.-13.03.) |
| Lars Melsæter Rydjord | skodespelar | |
| Mathias Melsæter Rydjord | skodespelar | (08.08. – 30.10.) |
| Sarah Christine Sandberg | skodespelar | (08.08.-30.10.) |
| Hedda Sandvig | skodespelar | (28.09.-20.11.) |
| Hugo Mikal Skår | skodespelar | |
| Vivi Sunde | skodespelar | |
| Bjørnar Lisether Teigen | skodespelar | |
| Melina Tranulis | skodespelar | (til 31.07.) |
| Andrea Wasrud | skodespelar | (08.08.-30.10.) |
| Petter Winther | skodespelar | (01.02.-30.04.) |
| Martin Karelius Østensen | skodespelar | (frå 12.09.) |

Kafè Kurt:

| | | |
|-----------------|----------------|--------------|
| Diego C. Nova | kokk/servitør | (til 31.10.) |
| Mohamed Zbidi | kjøkkensjef | |
| Freddy Hessvik | restaurantsjef | |
| Asta Navickiene | ekstrahjelp | |
| Janita Trondal | kokk | (frå 01.10.) |

Teknisk

| | |
|------------------------|---|
| Georgina Alexander | inspiserent |
| Gerd G. Austnes | leiar systova |
| Freya Imogen L. Busby | kostymetilverkar |
| Roy Morten Carlsen | produsent |
| Halvard Fiksdal | produsent |
| Martine S.Finsås | multiteknikar |
| Jonas P A Fuglset | multiteknikar |
| Arnstein Hoem | smed/sjåfør |
| Knut A Eikrem Karlberg | snikkar/sceneteknikar (01.10.-15.12.) |
| Ingvar Kristensen | multiteknikar |
| Finn Landsperg | lysmeister |
| Svein Larsen | teknisk leiar |
| Elin Nyheim | inspiserent (permisjon 01.01.16-12.09.) |
| Aleksandar Panayotov | snikkar/sceneteknikar |
| Bergliot Rørvik | rekvisitør |
| Henrik S. Solberg | teknikarassistent |

Administrasjon:

| | |
|-----------------------------|----------------------------|
| Thomas Bjørnager | teatersjef |
| Mary Farstad | adm.konsulent |
| Monica Hagset | økonomikonsulent |
| Rolf-Inge Pedersen Hjelseth | informasjonsleiar |
| Bente M. Hoflandsdal | løn- og reknesaksleiar |
| Knut Høgset | direktør |
| Tiril Høgset | billettseljar (frå 16.08.) |
| Mathilde Håseth-Eik | billettseljar |
| Evy Johannessen | adm.sekretær (til 30.06.) |
| Karoline Strand Kormeset | billettseljar |
| Cecilie Grydeland Lundsholt | kunstnarleg leiar BTV |
| Marianne Myrbostad | formidlingsleiar |
| Hanna Rzepecka | aspirant (frå 01.10.) |
| Kjersti Solenes | marknadsleiar |
| Gunn Talstad | adm.sekretær (frå 01.05.) |
| Solveig Mordal Vågen | salsleiar |

STYRET

Representant frå Møre og Romsdal

fylkeskommune:

| | |
|-------------------|-------------|
| Leon Jarle Aurdal | styreleiar |
| Marit Ingvild Aas | styremedlem |
| Heidi Nakken | styremedlem |
| Frøydis Austigard | varamedlem |

Representant frå Molde kommune:

| | |
|----------------|------------|
| Einar Hernborg | nestleiar |
| Trude Nistad | varamedlem |

Representant frå Ålesund kommune:

| | |
|----------------------|-------------|
| Oskar Skulstad | styremedlem |
| Knut Anders Oskarson | varamedlem |

Representant frå Noregs Ungdomslag,

Møre og Romsdal:

| | |
|----------------------|-------------|
| Janne Petrine Kvamme | styremedlem |
| Reidun Flatøy | varamedlem |

Representant frå dei ansatte:

| | |
|-------------------------|--------------------------|
| Bjørnar Lisether Teigen | styremedlem |
| Jonas PA Fuglseth | 1. varamedlem/observatør |
| Monica Hagset | 2. varamedlem/observatør |

REPRESENTASJON

Stiftelsen Ålesund Teaterfestival:

Cecilie Grydeland Lundsholt

Molde Kulturygg AS:

Thomas Bjørnager

Norsk Teaterlederforum:

Thomas Bjørnager

Knut Lidvard Høgset



SNEKKER ANDERSEN OG JULENISSEN

av Alf Preysen

Idé, bearbeidelse, regi og
scenografi **Thomas Bjørnåger**
Musikk/komponist **Steinar Raknes**
Animator **Andreas Paleologos**
Lysdesign **Jonas P A Fuglseth**

Med **Sigmund Njøs Hovind,**
Johanna Mørch, **Thomas Ottersen**
og elevar ved **Molde kulturskole**
Teatret Vårt

Premiere 24. november 2016
på Teatret Vårt, Molde.

Framsyningar: 24
Publikum: 3316



TEATRET VÅRT **BARNE**TEATRET VÅRT
AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL
Telefon 71 24 02 80 - E-post: post@teatretvart.no - Internet: www.teatretvart.no

